



Kvalheim Oddmund Rørlegger  
Postboks 1  
5931 Manger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/6867 - 22/61463

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

16.08.2022

## **Førehandsvarsel - pålegg om installering av fettutskiljar - GBNR 445/1/101, Manger**

Alver kommune viser til tidlegare korrespondanse vedkomande manglande fettutskiljar ved Manger Pizza i forretningsbygg på GBNR 445/1/101 – Idrettsvegen 7, Manger.

Manger Pizza er i forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn, Alver kommune, pålagt å ha fettutskiljar. Etter utsending av vårt brev, datert 10.12.2021, har eigar av Manger Pizza vore kontakt med kommunen for å høyre om dei kan søkje om fritak.

Vi har gitt melding om at dei **ikkje** vil få fritak da avløpsvatn frå denne typen verksemd har svært høgt innhald av fett. Avløpsvatn frå Manger Pizza skal førast til fettutskiljar, før avløpsvatn vert ført ut på kommunalt avløp.

Kommunen ba eigar av Manger Pizza om å ta kontakt med røyrleggar for å starte prosessen med å få på plass anlegg. Kommunen kan, per dags dato, ikkje sjå å ha mottekte søknad. Pizza-restauranten i Idrettsvegen 7 har, per dags dato, ikkje godkjent løyve til å sleppe fetthaldig avløpsvatn ut på kommunalt avløp.

Som abonnent på avløpsteneste har De som huseigar, ansvar for å sørge for at fetthaldig avløpsvatn ikkje vert ført ut på kommunalt avløp via Dykkar private sanitærinstallasjoner (jf. «standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmesen» pkt 3.12.1 og pkt 3.12.3). Som huseigar og abonnent på avløpstenester er det Dykkar ansvar å sørge for at leigetakar nødvendig utstyr og godkjenning.

Alver kommune ser at det er behov for å gje eit førehandsvarsel om pålegg om installering av fettutskiljar - Gbnr 445/1/101, Idrettsvegen 7.

### **Førehandsvarsel - pålegg om installering av fettutskiljar:**

Alver kommune gir eigar av gbnr 445/1/101 eit førehandsvarsel om pålegg om installering av fettutskiljar. Førehandsvarsel er gitt i samsvar med forvaltningslova § 16. Alver kommune ber om tilbakemelding på varselet.

Frist for tilbakemelding vert sett til 14 dagar frå utsending av dette brev.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Med helsing  
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Manger Pizza Maskan	Idrettsvegen 7	5936	Manger
---------------------	----------------	------	--------

**Mottakarar:**

Kvalheim Oddmund Rørlegger	Postboks 1	5931	Manger
----------------------------	------------	------	--------